



Kunnskapsdepartementet  
[postmottak@kd.dep.no](mailto:postmottak@kd.dep.no)

Dykkar ref.

Vår ref.  
2014/2780 - 2651/2015

Saksh. – tlf.  
Unni Rygg - 55097155

Dato  
05.02.2015

## Høyringsuttale - forslag til endringer i føreskrift om foreldrebetaling i barnehagar

Fjell kommune v/ komité for drift (KD) behandla høyringa «*Forslag til endringer i føreskrift om foreldrebetaling i barnehagar*» på møtet 03.02.15, sak 11/15. Komiteen vedtok følgjande høyringsuttale:

### Vedtak i Komité for drift - 03.02.2015:

Fjell kommune vil gje slik uttale til forslaget til endringer i føreskrift om foreldrebetaling i barnehagar, §3:

1. Fjell kommune stiller seg positiv til eit nasjonalt minstekrav til redusert foreldrebetaling i barnehagar for familiar med låg inntekt.
2. Summen av begge juridiske foreldre sitt inntektsgrunnlag slik dette går fram av fjorårets likningsattest, bør i hovudsak leggjast til grunn.
3. Fjorårets likningsattest bør i hovudsak leggjast til grunn, men vesentlege endringer i inntektsgrunnlaget gjennom året som kan dokumenterast, bør kunna gje grunnlag for å vurdere anna inntektsgrunnlag enn det som går fram av fjorårets likningsattest.
4. Ein bør ikkje ta særlege omsyn til kapitalinntekt utover det som inngår i likningsattesten.
5. Føreskriftsendringane bør tidlegast gjerast gjeldande frå 01.09.15.

Med helsing

Unni Rygg (s)  
saksbehandlar

Vedlegg: utvalsaknr. 11/15



## SAKSDOKUMENT

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
11/15	Komit� for drift	03.02.2015

### H yringsuttale - forslag til endringar i f reskrift om foreldrebetaling i barnehagar

#### Samandrag av saka:

Kunnskapsdepartementet har sendt ut h yringsnotat med forslag til endringar i §3 i f reskrift om foreldrebetaling i barnehagar, gjeldande fr  01.05.15. H yringsfristen er 23.02.15.

Endringane som er foresl tt er i hovudsak   innf ra eit nasjonalt minstekrav til redusert foreldrebetaling i barnehagar for familiar med l g inntekt. Men det er mellom anna og stilt sp rsm l til kva inntektsgrunnlag som skal leggjast til grunn og kven si inntekt som skal leggjast til grunn.

#### Innstilling:

Fjell kommune vil gje slik uttale til forslaget til endringar i f reskrift om foreldrebetaling i barnehagar, §3:

1. Fjell kommune stiller seg positiv til eit nasjonalt minstekrav til redusert foreldrebetaling i barnehagar for familiar med l g inntekt.
2. Summen av begge juridiske foreldre sitt inntektsgrunnlag slik dette g r fram av fjor rets likningsattest, b r i hovudsak leggjast til grunn.
3. Fjor rets likningsattest b r i hovudsak leggjast til grunn, men vesentlege endringar i inntektsgrunnlaget gjennom  ret som kan dokumenterast, b r kunna gje grunnlag for   vurdere anna inntektsgrunnlag enn det som g r fram av fjor rets likningsattest.
4. Ein b r ikkje ta s rlege omsyn til kapitalinntekt utover det som inng r i likningsattesten.
5. F reskriftsendringane b r tidlegast gjerast gjeldande fr  01.09.15.

Straume, den 13.01.2015

Steinar Nesse  
R dmann

Lillian Torsvik  
servicetorgsjef

## **Handsama i Komité for drift - 03.02.2015:**

Servicetorgsjef Lillian Torsvik var til stades og svarte på spørsmål frå komiteen.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak i Komité for drift - 03.02.2015:**

Fjell kommune vil gje slik uttale til forslaget til endringar i føreskrift om foreldrebetaling i barnehagar, §3:

1. Fjell kommune stiller seg positiv til eit nasjonalt minstekrav til redusert foreldrebetaling i barnehagar for familiar med låg inntekt.
2. Summen av begge juridiske foreldre sitt inntektsgrunnlag slik dette går fram av fjorårets likningsattest, bør i hovudsak leggjast til grunn.
3. Fjorårets likningsattest bør i hovudsak leggjast til grunn, men vesentlege endringar i inntektsgrunnlaget gjennom året som kan dokumenterast, bør kunna gje grunnlag for å vurdere anna inntektsgrunnlag enn det som går fram av fjorårets likningsattest.
4. Ein bør ikkje ta særlege omsyn til kapitalinntekt utover det som inngår i likningsattesten.
5. Føreskriftsendringane bør tidlegast gjerast gjeldande frå 01.09.15.

## **Dokument vedlagt saka:**

Lenke til høyringsdokumentet:

[https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/hoeringsdok/2014/14\\_5859/hoeringsnotat\\_foreldrebetaling\\_barnehager.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/hoeringsdok/2014/14_5859/hoeringsnotat_foreldrebetaling_barnehager.pdf)

## **Saksopplysningar:**

### Bakgrunn:

Regjeringa vil innføre betre sosial profil på foreldrebetalinga i barnehage, og leggje til rette for at fleire får høve til å nytta tilbod om barnehageplass gjennom differensiert foreldrebetaling.

Dagens forskrift om foreldrebetaling i barnehagar regulerer ikkje kor stor reduksjon kommunen skal tilby, og heller ikkje kva familiar som skal tilbydast reduksjon. Regelverket legg opp til stor grad av kommunalt skjønn når det gjeld val av, og innhald i, ordningane for reduksjon i foreldrebetalinga. I dag er det difor stor kommunal variasjon i ordningar for reduksjon i foreldrebetalinga. Kven som vert tilbydd slike ordningar, og vidare kor stor reduksjon som vert gitt, varierer frå kommune til kommune. Fleire kommunar gjev ingen eller låg reduksjon i foreldrebetalinga. Departementet vurderer også at inntektsgrensa er uforholdsmessig låg i fleire av kommunane som har inntektsgraderte satsar for rett til reduksjon. Departementet vurderer difor at det er behov for endring i føreskrift om foreldrebetaling i barnehagar, slik at regelverket i større grad sikrar reduksjon av ein viss storleik til dei med lågast inntekt, og slik sikrar ein betre sosial profil på foreldrebetalinga.

Departementet føreslår nasjonal regulering av kommunen si ordning for reduksjon i foreldrebetaling, der kommunen er forplikta til å ha inntektsgradert foreldrebetaling. Det vert føreslått at det i forskrift om foreldrebetaling i barnehagar vert fastsett ein maksimal

procentsats av inntekt som skal brukast på foreldrebetaling. Ordninga for reduksjon skal vera søknadsbasert på tilsvarende måte som dagens ordningar, og det vert føreslått at det skal søkjast for eitt år om gongen. Dokumentasjonen frå foreldre som søker om reduksjon i foreldrebetalinga, skal være siste års sjølvmelding.

Endringane som er føreslått vil omfatte både kommunale og ikkje-kommunale barnehagar, tilsvarende ordningane etter gjeldande regelverk. Forslaget regulerer kommunen si ordning for reduksjon i foreldrebetalinga. Ordningar utanfor kommunen sitt betalingssystem for barnehageplass, eksempelvis ordningar for friplass med heimel i barnevernlova, vert ikkje påverka av forslaget til endringar i forskrifta.

Fjell kommunestyre vedtok i møte 13.03.2012, sak 9/12, egne lokale retningslinjer for reduksjon i eller fritak for foreldrebetaling av barnehageutgifter for barnefamiljar med lågast betalingsevne med bakgrunn i gjeldande forskrift, §3.

### **Vurdering:**

Rådmannen er positiv til ei forskriftsendring som inneber eit nasjonalt minstekrav til redusert foreldrebetaling, sjølv om Fjell kommune etter rådmannen si vurdering har ivareteke intensjonen i gjeldande forskrift i egne lokale retningslinjer. Slikt nasjonalt minstekrav vil sikra likebehandling for foreldre uavhengig av kva kommune dei bur i.

I høyringsnotatet ber departementet om synspunkt knytt til inntektsgrunnlag og omsyn til kapitalinntekt. For å unngå vesentleg meirarbeid i saksbehandlinga ved endring i forskrifta, meiner rådmannen at kapitalinntekt utover det som inngår i sjølvmeldinga og går fram av foreldra sin likningsattest ikkje bør takast omsyn til i grunnlaget.

Det vil og vera viktig at forskrifta opnar for at vesentleg forverring i foreldra sitt inntektsgrunnlag gjennom året samanlikna med inntektsgrunnlaget for fjoråret, kan og bør takast omsyn til. Rådmannen tenkjer her først og fremst på foreldre som av ulike årsaker får vesentleg svekka inntekt gjennom året og vil ha behov for økonomisk støtte for å kunna oppretthalda borna sin plass i barnehage.

Rådmannen sitt syn i spørsmålet om kven si inntekt som bør leggjast til grunn, er at dette berre må omfatta dei juridiske foreldra si inntekt.

For å sikra rimeleg tid for kommunane å følgja opp endringane i føreskrifta, meiner rådmannen at iverksetjingstidspunktet bør utsetjast til 01.09.15.